

Søknad om tilskot til skjøtsel og tilrettelegging gjennom BARK - Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminner

1	Tiltakshavar / søker	Org. nr./person nr.
	Eidfjord kommune	944227121
	Post / e-post	Telefonnr.
	postmottak@eidfjord.kommune.no	53673529 / 97533956
2	Kulturminne-ID i Askeladden (for alle lokaliteter og enkeltminne)	gnr., bnr.
	110228	(1) 25,4 (2) 25,9 (3) 25,18,20
	Gardsnamn	Kommune
	Hæreidsmoen	Eidfjord kommune
3	Namn på eigar (ved fleire eigarar, spesifiser under "andre opplysningar")	Telefonnr.
	Sjå under " andre opplysningar"	
	Post / e-post	
4	Søknadssum (overført frå side 4, finansieringsplan)	
	kr. 150 000,-	
5	Skildring av prosjektet	
	Kulturminnetype og tilstand (røys, haug, m.m., tilgrodd, erosjonsskade, m.m.)	Gravfelt med røyser i ulik storleik. Svært tilgrodd i deler av feltet.
	Datering	jernalder
	Tidlegare tilrettelegging	Tursti, kulturløype, benkar, folder m/informasjon, skilt
	Tidlegare skjøtsel	Tidligere skjøtsel i 2004-2006. Det har vore lite skjøtsel av området etter den tid.
	Andre opplysningar	Skjøtelsplanen omfattar deler av feltet og enkeltminne er ikkje lagt inn i Askeladden

6 Informasjon om prosjektet

- Er føremålet med prosjektet:
- Prosjektering
 - Ny tilrettelegging
 - Oppgradering / utbetring av eksisterande tilrettelegging

- Omfattar prosjektet tiltak for universell utforming?
- Ja
 - Nei

Skildring av eventuelle tiltak for universell utforming

Me har intensjon om å setja ut benkar som er delvis universelt utforma på fleire strategiske stader langs kulturstien. Hensikta er at folk som er dårleg til beins og treng å kvila seg lang ruta skal ha høve til dette. Rullestobrukarar har høve til å koma seg fram på deler av kulturstien.

- Er det vedteken kulturminneplan for kommunen?
- Ja
 - Nei

Dersom slik plan er under arbeid, når er den planlagt vedtatt? (årstal)

Gjer greie for kor vidt kulturminnet er prioritert av kommunen

Kulturminner er lagt inn som omsynsoner i kommunen. Hæreidsmoen har vore prioritert sidan 1994. jf. Hæreidstterassen rap. 1994

Gjer greie for lokal forankring av prosjektet

Det har vore ein god og lang prosess der grunneigarar , eldsjeler, Eidfjord kommune, fylkeskommunen og Norsk Landbruksrådgjeving har arbeidd tett for å få skjøtselsplanen i hamn.

Gjer greie for tilkomst, parkering, m.m.

Tilkomst både frå øst og vest. Det går ein traktorsti frå Eidfjordvantnet opp til Hæreidmoen frå øst. Frå vest går det veg fram til gnr.25 bnr 18,20. Her er det høve for handikappsparking.

Eventuell anna relevant informasjon

Namn på eigarar:

Birgitta Hereid gnr. 25 bnr. 4
Anne Karin Hereid gnr. 25 bnr. 9
Hallstein Andreas Hereid gnr. 25 bnr. 18,20

Det er eit vilkår at den som får tilskot gjennom Bevaringsprogram for Utvalgte Arkeologiske Kulturminner (BARK) gjennomfører arbeidet i samråd med Hordaland fylkeskommune og at arbeidet vert gjort etter dei retningslinjene som vert satt fast av vernemynda.

Retningslinjene går stort sett ut på at arbeidet skal gjerast på ein måte som ikkje kan føra til skade på kulturminne og at formidling og tilrettelegging vert gjort på ein god måte som ikkje går ut over vernet og som gjev fagleg korrekt informasjon.

7 Gjer greie for kontakt / avtalar med fylkeskommunen og eigar

Historik:

x I 2012 vart det søkt om BARK - midlar til skjøtselsplanen

x gjennomføring av fleire møter mellom grunneigarar, fylkeskommunen, kommunen og Norsk Landbruksrådgjeving i 2013 og 2014.

x Grunneigarar godkjendte skjøtselsplan utforma av fylkeskommunen og Norsk Landbruksrådgjeving med små endringar av formalia den 14. oktober. Planen vert sendt ut til grunneigarar for signatur så snart endringane er gjennomført og me har fått på plass kostandsversikt og framdriftplan.

Planlagt kontakt framover:

x Årleg fellesmøte mellom fylkeskommunen, kommunen, og grunneigarar for gjennomgang av skjøtsel og andre utfordringar

x Årlege synfaring med fylkeskommunen, kommunen og grunneigarar

8 Skildre dei enkelte tiltaka og korleis dei er tenkt gjennomført

x Me byrjar med vegetasjonsrydding i det området som er nemnd i folderen, og er knytt til skjøtselsplanen og sidan med generell vegetasjonrydding av heile område

x Foringsplassar skal foregå og andre ting knytt til beiting skal styrast slik at ein unngår slitasje og beitetrykk. Arbeidet vil verta gjennomført i samarbeid med fylkeskommunen og grunneigarar

x Praktisk skjøtsel av området skal utførast av grunneigarane i henhold til plan og under rettleiing av fylkeskommunen

x oppgradering av kart for å bedre å styra turist straumen og gjera det enklare for dei å finna fram. Arbeidet vil vert gjort under rettleiing frå fylkeskommunen og i samarbeid med grunneigarane

x gjerder trenger oppgradering, utskifting og tilretteleggjast for både beitedyr og turistane. Arbeidet vert gjort under rettleiing frå fylkeskommunen og i samarbeid med grunneigarane

x utplassering av benker på ulike stader. Benkane skal ha delvis universell utforming. Arbeidet vert gjort under rettleiing av fylkeskommunen og i samarbeid med grunneigarane

x Oppgradering av informasjonsfolder i samråd med fylkeskommunen

x Oppgradering av informasjonskilt. Arbeidet vert gjort i samråd med fylkeskommunen og grunneigarane

x Nye skilt knytt til store gravrøyser og som er tilrettelagt rundt tursti knytt til turiststraumen. Arbeidet vert gjort i samarbeid med fylkeskommunen og grunneigarane

9 Gjer greie for kven som skal utføra arbeidet og kven som har ansvar for oppfølging / drift / vedlikehald

- x Praktisk gjennomføring av skjøtsel av område ,slik det er skildra i skjøtelsplanen, vert utført av grunneigarar
- x Eidfjord kommune har ansvar for utarbeiding av folder, skilt, merkepilar i samarbeid med grunneigarane og fylkeskommunen
- x jevnleg kontakt mellom grunneigarar, kommunen og fylkeskommunen etter trong knyt til framdrift og fagleg gjennomføring
- x Årleg møte mellom grunneigarar, kommunen og fylkeskommunen. Kommunen har ansvar for innkalling.
- x Eidfjord kommune har ansvar for rekneskap

10 Kostnadsoverslag og framdriftsplan

2015:

skjøtsel av 130 dekar (kr. 200 pr. time x 20 t pr. dekar)	kr. 260 000,-
gjerde av området knytt til skjøtelsplanen (kr. 150 pr. m x 1000 m)	kr. 75 000,-
Benker m/ universel utforming (4 benker a kr. 15 000)	kr. 60 000,-
skilt m/ stativ (2 skilt m/ stativ a kr. 10 000)	kr. 20 000,-
merking tursti m/ løypepiler	kr. 6000,-

SUM kr. 421 000,-

2016:

Skjøtsel av 130 dekar	kr. 260 000,-
Gjerde av område knytt til skjøtelsplanen	kr. 75 000,-
SUM	kr 335 000,-

2017:

Vedlikehald av skjøtsel av området 51 000 dekar kr. 200 000,-

11 Finansieringsplan. Oversikt over korleis totalkostnaden er planlagt dekt gjennom tilskot frå:

BARK-midler	150 000
eventuelt tilskot frå kommunen	SMIL 80 000
eventuelt tilskot frå andre tilskotsordningar	Bolystmidlar 100 000
andel av egne midlar	Ressursbruk kommunen 64 750
andre midlar / dugnadsarbeid	
	ressursbr. fylk. 26 250
Sum (kr):	421 000

12 Stad: Eidfjord Dato: 01.des.2014 Underskrift: *Disbern B. Cellet*

13 Kommunen sin uttale

Prioritering: 1

Tilskot frå kommunen: kr. 80 000,-

Fråsegn: Det har vore arbeidd med Hæreidsmoen sidan 1994. Dessverre har det ikkje tidligare vore samde om utarbeiding av skjøtselsplan for området. Dette har me no klar, og me har eit godt samarbeid mellom grunneigarar, fylkeskommunen og kommunen. Difor er det viktig at me no kjem i gang med arbeidet slik at me held på den positive innstillinga som ligg føre.

14 Kommentar frå fylkeskonservatoren

Søknaden sendast pr. e-post til vårt postmottak: kultur@hfk.no

NB! Søknadsfrist 1. desember